

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 004	17/215

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2017	Kraftfondsstyret	PS	19.04.2017
	Kommunestyret	PS	

### Årsmelding kraftfondet 2016

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Årsmelding kraftfondet 2016\_epost

##### Dato

07.04.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding kraftfondet 2016 vert teken til vitring

Sum unytta midlar pr. 31.12.2016 vert innarbeidd i revidert kraftfondsbudsjett for 2017

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

I samsvar med retningslinene for kraftfondet § 7 – årsmelding, skal det leggjast fram årsmelding om bruken av kraftfondet til Kommunestyret. Årsmeldinga skal innehalde;

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringa i prioriteringar/retningsliner for bruken av kraftfondet for neste år

#### Fakta

Viser til sjølve årsmeldinga.

<b>Rekneskap Masfjorden kraftfond 2016</b>			
		<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>
		2016	2016
<b>Inntekter:</b>	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-2 800 000	-2 832 869
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-90 000	-116 935
	Renteinntekter, utlån	-10 000	-9 405
	Sal av turbok	0	-260
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-2 900 000</b>	<b>-2 959 469</b>
<b>Utgifter:</b>	Masfjordsambandet - "brufond jf. KS sak 45/12"	1 000 000	1 000 000
	LVK, reiselivslaget og regionrådet – tilskot/kontigent 2016	400 000	402 443
	Kraftspel, annonsering tomter/profilering av kommunen/div	200 000	203 472
	Informasjon/heimesida/Masfjordingen	0	0
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000	100 000
	Sertifikatordninga	30 000	0
	Netto tilføring kommunen's driftsbudsjett 32504	50 000	50 000
	Tilrettelegging bustadføremål	500 000	0
	Elevbedrift/grundercamp	20 000	0
	Breiband/Fiberutbygging	150 000	0
	Andre næringstiltak - tilskot GMU m/250.000	250 000	250 000
	Etableringstilskot	120 000	80 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	80 000	55 000
	<b>Sum utgifter</b>	<b>2 900 000</b>	<b>2 140 915</b>
	<b>utlån</b>		0
	Unytta 2016:		-818 554

Budsjettet for kraftfondet utgjorde 2.9 mill.kr.

Rekneskapen viser bokførte utgifter med litt over 2,1 mill.kr, og dermed ein større sum unytta i 2016. Mange av postane nær og i samsvar med budsjett, medan ein del postar har mindreforbruk eller ingen bruk.

## Vurdering

Årsmeldinga viser oversikt over kva fondsmidlane er nytta til og oversikt rekneskap vs. budsjett. Det er ein større sum unytta pr. 31.12.2016. Dette er midlar som ein treng til aktuelle føremål i 2017, og ein legg difor opp til ein budsjettrevisjon av kraftfondsbudsjettet 2017. Bruken av fondet er heimla i politiske vedtak, inkl. strategisk næringsplan. Ein ser ikkje behov for å endra vedtektene og bruken av fondet. Einaste område er å vurdere etableringstilskotsordninga. Vedteken strategisk næringsplan skal rullerast i 2017.

## Konklusjon

Årsmeldinga for 2016 vert vedteken slik den ligg føre. Unytta midlar 2016 vert vidareført i 2017, gjennom ei eiga sak om budsjettrevisjon av kraftfondsbudsjettet

## **Kraftfondsstyret - 003/2017**

### **KRFT - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **KRFT - vedtak:**

**Årsmelding kraftfondet 2016 vert teken til vitring**

**Sum unytta midlar pr. 31.12.2016 vert innarbeidd i revidert kraftfondsbudsjett for 2017**